

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 18.02.2009

Sak nr.: 08/5307-3

Internt l.nr. 4493/09

Sak: 21/09

Tittel: Forvaltningsreforma - fylkeskommunane sine oppgaver i folkehelsearbeidet

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune er samde i at folkehelse er eit viktig tema i det regionale utviklingsarbeidet, og må inngå som del av den fylkeskommunale verksemda gjennom eit lovpålagt ansvar for folkehelse.
- 2 Fylkeskommunen er kritisk til at lovforslaget vert sett på som ei førebels lov som seinare skal inn i kommunehelsetenestelova eller tannhelsetenestelova. Alle folkehelseoppgåvene må heimlast i ei eiga lov.
- 3 Staten må overføre betydelege økonomiske ressursar til fylkeskommunane slik at dei er i stand til å drive eit målretta og sektorovergrepande folkehelsearbeid.
- 4 Fylkesmannen sine utviklingsoppgaver innan folkehelse må overførast til fylkeskommunane.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det ikkje som formålsteneleg å overta oppgåvene som Regjeringa har tiltenkt det regionale nivå i forvaltningsreforma når det gjeld folkehelsearbeidet.”

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Punkt 2 går ut.”

Avrøysting:

Nils R. Sandal, Jenny Følling, Harry Mowatt, Arne Hovland, Mathias Råheim, Marit Barsnes Krogsæter og Norvall Nøringset røysta for punka 1, 3 og 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen. Jostein Kvalsvik røysta mot.

Nils R. Sandal, Jenny Følling, Harry Mowatt, Arne Hovland, Mathias Råheim, Marit Barsnes
Krogsæter og Norvall Nøringset røysta for framlegget frå Senterpartiet om punkt 2.

Jostein Kvalsvik røysta mot.

Ingen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen til punkt 2.

Jostein Kvalsvik røysta for framlegget frå Framstegspartiet.

Nils R. Sandal, Jenny Følling, Harry Mowatt, Arne Hovland, Mathias Råheim, Marit Barsnes
Krogsæter og Norvall Nøringset røysta mot.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune er samde i at folkehelse er eit viktig tema i det regionale utviklingsarbeidet, og må inngå som del av den fylkeskommunale verksemda gjennom eit lovpålagt ansvar for folkehelse.
- 2 Staten må overføre betydelege økonomiske ressursar til fylkeskommunane slik at dei er i stand til å drive eit målretta og sektorovergripande folkehelsearbeid.
- 3 Fylkesmannen sine utviklingsoppgåver innan folkehelse må overførast til fylkeskommunane.